



## LEIKANGER JAKT- OG FISKELAG

# ÅRSMELDING 2010

Årsmøte i lagshytta på Kleppa  
fredag 4. mars 2011 Kl. 19:00



Alle 25 barnehagebarna fekk utdelt kvar si haspelstang frå NJFF og Statskog på Flotande

Jakt- og fiskeglede til alle – for alltid!

# **Leikanger Jakt- og Fiskelag**

## **ÅRSMELDING 2010**

**Styret** har i 2010 vore samansett som følgjer:

Leiar: Svein Inge Lundheim

Nestleiar: Ole Simen Nesdal

Kasserar: Håkon Nesse

Sekretær: Per Norstein

Kvinnekontakt: Marianne Vara

Varamedlem: Sverre Fjøsne

I tillegg møter leiarane for utvala på styremøte.

Ved årsskiftet hadde laget 299 medlemmer, som utgjer ca.12,5% av innbyggjarane i Leikanger Kommune. Det er ein medlemsauke på 21 i 2010!

### **Møteaktivitet:**

Det er halde 2 styremøte der det er handsama til saman 28 saker.

Leikanger jfl har fortsatt god representasjon i Sogn og Fjordane NJFF i året som har gått. Per Norstein er nestleiar/sekretær, Jan Thore Fedje er ungdomsansvarleg og Terje Hove Thorsnes er 2. vara til styret.

Terje Hove Thorsnes sit òg i fylkesutvalet for fiske, medan Svein Inge Lundheim sit i fylkesutvalet for jaktskyttarar.

På kvinnekontaktsamlinga på Lunde Turiststasjon 15.-16. januar var Marianne Vara, Marit Harem Vannes og Tordis Henjum deltagarar.

På leiarsamlinga i Sogndal 19.-20. mars var Kjetil Berg og Svein Inge Lundheim.

Ved årsmøte i NJFF-Sogn og Fjordane 20.-21. mars i Sogndal var Svein Inge Lundheim, Marianne Vara og Kjetil Berg var utsendingar frå Leikanger jfl.

På viltseminaret den 20.- 21.november var Bjarne Sjøthun og Svein Inge Lundheim deltagarar frå Leikanger jfl

### **Generelt:**

I 2010 kan me også konstantera at året hadde vore eit sær positivt år for Leikanger Jakt- og Fiskelag. Til liks med åra før har det vore gjennomført ei rekke tiltak – me viser til ei oppsummering av aktivitetar annan stad i årsmeldinga. Men sett frå styret sin ståstad, har året vore prega av at ting synest å vere så etablerte at dei går av seg sjølv. Det er grunn til å tru at dette er ein reaksjon på dei særslig aktive åra før. Samstundes har det vore brei innsats av 'nye' folk som har vist driv og innsatsvilje, prøvd ut mykje og lukkast med mangt. Denne påpeikinga heilt utan å gløyme dei gamle 'slitarane'.

Økonomisk har også 2010 vore eit godt år. Det tryggar drifta på alle måtar. Samstundes har mykje av inntektene kome i form av tilskot til ulike aktivitetar, sjå nedanfor. Dette er ein effekt av tidlegare innsats. Laget har vist at det maktar å gjennomføre gode tiltak. Tilliten dette skapar gjev grunnlag for nye positive tilsegn. Styret nyttar høvet til å trekke fram og takke alle som bidreg i prosjekt og aktivitetar av ulike slag !

## Gåver, tilskot og dugnadsinntekter:

Ei stor takk til våre samarbeidspartnarar som me har fått tilskot/støtte frå:

• Stirydding/merking for Sognefjord Reiselivslag:	5.000,- kr
• Produksjon av stadnamnskilt for Systrond Sogelag	10.800,- kr
• Leikanger Kommune – tilskot frå kulturmidlane:	4.000,- kr
• Gåve frå Sparebanken Sogn og Fjordane:	6.000,- kr
• NJFF – Prosjekt Fiskesommer, barne- og ungdomssatsing:	10.000,- kr
• NJFF - Opptur (jentesatsing) 2 skytekurs og fisketur til Guddalen:	5.550,- kr
• NJFF – “Jakt- og fiskeskule”	26.875,-kr
• NJFF- barn- og ungdomsarbeid i 2011:	40.629,- kr
• Marine Harvest avd. Rivedalen – støtte til barn- og ungdomsarbeid:	10.000,- kr
• Marine Harvest avd. Rivedalen – sponsoring av grillmat på NM-telemark	4.000,-kr
• Sogn Avis – sponsoravtale med gratis annonsering inntil (eks.mva.)	15.000,- kr
• Aktivitetsmidlar til “fremjing av friluftsliv i nærmiljøet” frå folkehelsekoordinatoren for arbeidet med barnehagane.	7.500,-kr

I tillegg vil laget rette ei stor takk til Lerum, Årskog Bakeri, Leikanger Bokhandel, E. Røysum, Sogn Tavle og Datamontering, Kiwi, Prix, Coop-byggevarer, Bama og andre bedrifter som bidreg med støtte til lagsarbeidet vårt!

Produksjonen av sti- og stadnamnskilt har vorte ei god inntektkilde for laget. I 2010 laga Svein Inge Lundheim 27 stadnamnskilt (Grinde/Grindsdalen) for Systrond Sogelag. Montering av skilta er utsett til 2011. 20 stadnamnskilt vart montert i Henjadalen av Bjørn Hagen, Sverre Fjøsne, Odd Reksnes og Svein Inge Lundheim.

## Kurs, undervisning og konkurransar:

- Jegerprøvekurs – 13 delt.
- Stor aktivitet m/instruksjon på leirduebana.
- Nybyrjarkurs for hagle.
- Skytekurs for storviltjegrar.
- 1 kurs i aversjondressur (el..halsband).
- ”Opptur” - 2 skytekurs og ein fisketur for damer til Guddalen.
- Åtejakt på rev.
- Fellefangst på mår.
- ”Indre Sogn Cup” (50 skot) i lag med Luster jfl.
- Lagsmeistarskap i jegertrap og leirduesti.
- Duellen mellom skyttarlaget og jakt og fiskelaget.
- Vårsprellen- sjøfiskekonkurranse.
- Fiskekonkurranse på Fjærlandsete.
- Fotokurs og fototur.

Jegerprøvekurset er ein av dei viktigaste kursa me held. Jegerprøveinstruktør-korpset på fem består av Inge Yttri , Ole Simen Nesdal, Håkon Nesse, Per Norstein og Sverre Fossen.

Instruktørar i aversjondressur er Kurt Laneteig, Bjørn Monsen, Odd Reksnes og Robert Brenden.

Resultat frå jaktprøve for ståande fuglehund:

Engelsk setter Gjeldskogen`s Lea til Øyvind Husabø var kvalifisert til NM høgfjell. Både hund og førar hadde ei kjempehelg på Hjerkinn. 1.Vk/m ek i semifinalen og vart med i finalen.

Engelsk setter Vigdaætta`s Ekko til Bjørn Monsen har og hatt kjemperesultat i vinter og haust. På første prøvehelg i haust på Kiær slo Ekko til med 1.Ak og vart dermed kvalifisert til og delta i Vk framover. Ekko sine resultat: 1.Ak, 3x2.Ak og 1.Bk på utstilling.

Utdanning av nye instruktørar og dommarar 2010:

- Hagleinstruktør: Nils Olav Langeteig og Emil Røysum Skartun.
- Hagledommar: Emil Røysum Skartun og Frode Husum (oppdatering)
- Grunnkurs jakthundinstruktør: Jon Husabø og Øyvind Husabø.

Frode Husum vart lagsmeistar i både jegertrap(24tr) og leirduesti(23tr). Odd Reksnes vart vinnar i jegerklassen i både jegertrap(18tr) og leirduesti(13tr) og Joakim Langeteig vart vinnar i juniorklassen i både jegertrap(22tr) og leirduesti (18tr).

I Duellen mellom skyttarlaget og jakt- og fiskelaget vart trofea likt fordelt. Skyttarlaget vann lagkonkuransen med 38 poeng og Nils Olav Langeteig vart ”Systronds beste skyttar” med 43 treff samanlagt og best på leirduebana med 24 treff og Tone Anette Espe vann med 248 poeng på 200M.

I rovviltkonkuransen vart Per Røysum klar vinnar av mårklassen med 8 mårar. Ellers hadde Ove Kjensli og Kristian Slinde 2 mårar kvar. Ove Kjensli trekte gåvekortet på 900,-kr. I klassen for rev hadde Bjarne Sjøthun og Eirik Husabø med ein rev kvar og Per Røysum 2 revar. Per Røysum hadde den største på 7.850 kg. Ved trekkinga av gåvekortet på 900,-kr vart Bjarne Sjøthun den heldige.

### **Andre aktivitetar:**

Også i 2010 er ei lang rekke andre meir eller mindre tradisjonsrike arrangement gjennomført. Desse er i stor grad omtalte i tidlegare årsmeldingar, og vert berre lista opp under.

Leikanger jfl har ”partnarskapsavtalen” med barnehagane i Leikanger Kommune.

Aktivitetane som inngår i avtalen er garnfiske og fisketurar til Flotande og til Vålamyra.

På Flotande delte me ut fiskestenger (frå Statskog) til alle 25 barna.

Når dei 3 aktivitetane går på dagtid er det godt å ha ivrige pensjonistar og andre i medlemsrekken som stiller opp og hjelper til. Stor takk til Kjell Vangsnæs, Steinar Næss, Inge Yttri, Sverre Fossen, Torbjørn Strømseng, Leif Frækaland, Per Sivert Nesdal og Jan Sigurd Haugen. I tillegg var Bjarne Sjøthun, Svein Inge Lundheim og Kjetil Berg med frå styret.

- Isfiske på Dalavatnet med over 70 små og store deltakarar.
- Fisketurar med barnehagen i Henjadalen og Vålamyra. (Partnarskapasavtale)
- Fiskesommer.
- Skulestangprosjekt-makkafiske med 7.klassen på Flotande/Flya.
- Skulestangprosjekt-sjøfiske med 7.klassen på Grauthaug.
- Garnfiske med barnehagen.(Partnarskapasavtale)
- Jaktskytingens dag – 100 m og leirdueskyting
- ”Fruktbare dagar” – stand på laurdag (ute/inne)
- Livet i Pilavika m/fiskeklubben, aktivitetsdag for alle – over 100 deltakarar.

Leikanger Jakt- og Fiskelag vart oppfordra til lage ein aktivitetsplan for ein ”Jakt- og fiskeskule” 2010. Aktivitetane var flugebitting, garnfiske, flukekasting, fjellfisketur, makkafiske og fellefangst. Det var mindre deltaking enn forventa i dei fleste aktivitetane. ”Jakt- og fiskeskulen” vert ikkje vidareført i 2011.

### **Andre tilbod til medlemmene:**

Leikanger Jakt- og Fiskelag starta som forhandlar av ”Sportsman`s pride” hundefor i desember i 2009. Det er 3 typar hundefor i 15kg sekker som er til salg til medlemar i NJFF. Salget har gått over all forventning og i 2010 er det selt ca.3000kg med hundefor, ca.170kg kattefor og i tillegg kjem salg av fortønner, hundekjeks og våtpølser.

Som det går fram av opplistinga over, har det vore stor aktivitet på leirduebana. Instruktørar og standplassansvarlege på leirduebana har vore Leif Arne Lingjerde, Odd Reksnes, Emil Røysum Skartun, Nils Olav Langeteig, Kurt Langeteig, Per Norstein og Svein Inge Lundheim.

I 2010 har det vore 23 overnattingar i Trastadalshytta.

Lagshytta og leirduebana på Kleppa har vore leigt ut fleire gonger, både til medlemmer, bedrifter og andre.

På årsmøte i fjor vart det vedteke å starta ei fotogruppa med leiar Ørjan Talle og medlemmar Odd Reksnes og Håkon Nesse. Fotogruppa starta opp med eit info.møte med ca.20 deltakrar. Det vart arrangert eit fotokurs med Frank Smedegård Opthun som instruktør med 18 deltakrar og ein fototur i Henjadalen med 8 teltakrar. Det var også planlagt ein fototur til Njøsadalen, men avlyst pga. dårlig vær.

Leikanger Jakt- og Fiskelag har fått eigedomsretten på ein jerv skoten i Lærdal 2009 av Direktoratet for naturforvaltning. Jerven er registrert i fallviltdatabasen(FV400447) og er no utstoppa og plassert i lagshytta på Kleppa. På “fruktaredager” i 2009 fekk Ole Simen Nesdal ein oter i ei hummarteine. Oteren vart registrert i fallviltdatabasen(FV400482) og eigedomsretten er overført til Ole Simen Nesdal. Leikanger jfl. har stoppa ut oteren og plassert den i lagshytta. Ellers står det ein raurev og ein sporvahauk utstoppa i lagshytta.

## **Utvala i 2010**

### **FISKEUTVALET**

Leiar: Jan Magne Vigdal  
Medlem: Terje Hove Thorsnes  
Medlem: Kevin Viken  
Medlem: Per Sivert Nesdal

### **JAKTUTVALET**

Leiar: Bjarne Sjøthun  
Medlem: Per Olav Henjum  
Medlem: Per Norstein  
Medlem: Øyvind Njøs

### **LEIRDUEBANEUTVAL**

Leiar: Svein Inge Lundheim  
Medlem: Odd Reksnes  
Medlem: Emil Røysum Skartun  
Medlem: Nils Olav Langeteig

### **UNGDOMSUTVALET**

Leiar: Kjetil Berg  
Medlem: Kristian Slinde  
Medlem: Sverre Fjøsne  
Medlem: Ole Simen Nesdal

### **HUNDEUTVALET**

Leiar: Kurt Langeteig  
Medlem: Bjørn Monsen  
Medlem: Øyvind Husabø  
Medlem: Jon Husabø

# Styret og tillitsvalde i Leikanger Jakt- og Fiskelag 2010

Forklaring: B = på val 2011 A = ikkje på val 2011

## Styret:

Kategori:	Verv:	Namn:	Forslag:	Telefonnr.:
B	Leiar	Svein Inge Lundheim	attval	90605267
A	Nestleiar	Ole Simen Nesdal		99607677
A	Kasserar	Håkon Nesse		97511639
B	Sekretær	Per Norstein	attval	48182680
B	Varamedlem	Sverre Fjøsne	attval	90639848
A	Kvinnekontakt	Marianne Vara		41530961

## Jaktutval:

A	Leiar	Bjarne Sjøthun		90957245
A	Medlem	Per Olav Henjum		91333305
B	Medlem	Per Norstein	attval	48182680
B	Medlem	Øyvind Njøs	attval	99499167

## Fiskeutval:

B	Leiar	Jan Magne Vigdal	attval	95259791
A	Medlem	Terje Hove Thorsnes		91790817
B	Medlem	Kevin Viken	attval	95195443
A	Medlem	Per Sivert Nesdal		95004333

## Leirduebaneutval:

A	Leiar	Svein Inge Lundheim		90605267
A	Medlem	Odd Reksnes		95758559
B	Medlem	Nils Olav Langeteig	attval	90881288
B	Medlem	Emil Røysum Skartun	attval	47641028

## Ungdomsutval:

B	Leiar	Kjetil Berg	attval	90277167
B	Medlem	Kristian Slinde	attval	97701905
A	Medlem	Sverre Fjøsne		90639848
A	Medlem	Ole Simen Nesdal		99607677

## Hundeutval:

B	Leiar	Kurt Langeteig	Jon Husabø	95089899
B	Medlem	Bjørn Monsen	attval	90590848
A	Medlem	Øyvind Husabø		97155161
A	Medlem 1år	Jon Husabø	Kurt Langeteig	91308911

## Revisor:


A		Sverre Fossen		95841004
B		Inge Yttri	attval	90593596

## Valkomite:

A	Leiar	Terje Hove Thorsnes	Sven Erik Vestby	91790817
A	Medlem	Sven Erik Vestby	Emil Røysum Skartun	99252281
B	Medlem	Emil Røysum Skartun		



## Leikanger Jakt- og Fiskelag Medlemsutvikling 1989-2010





NB! Leikanger Jakt- og Fiskelag brukar ikkje budsjett, men har ein aktivitetskalender som viser drifta i laget.

## Aktivitetar 1. halvår 2011, Leikanger Jakt- og Fiskelag

<b>Januar 2011</b>	<b>Februar 2011</b>	<b>Mars 2011</b>	<b>April 2011</b>	<b>Mai 2011</b>	<b>Juni 2011</b>
31. Jegerprøven 18:00	7. Jegerprøven 18:00 14. Jegerprøven 18:00 28. Jegerprøven 18:00	4. Årsmøte 19:00 7. Akti.kveld isfiske 18:00 13. Isfisketur 12:00 14. Jegerprøven 18:00 19.-20. årsmøte njff s. fj. 21. Jegerprøven 18:00 28. Jegerprøven 18:00	4. Jegerprøven 17:00 5. Opning bane 18:00 6. Trening 18:00 11.Haglekurs/trening 18:00 12. Jegerprøve-100m 13. Trening 18:00 14. Jegerprøve-leirduer 18.Haglekurs/trening 18:00 20. Trening 18:00 26. Flugekasting 18:00 27. Trening 18:00 27. Flugekasting 18:00 28. Flugekasting 18:00	2.Haglekurs/trening 18:00 4. Trening 18:00 4. Flugekasting 18:00 5. Flugekasting 18:00 9.Haglekurs/trening 18:00 11. Trening 18:00 16.Haglekurs/trening 18:00 18. Trening 18:00 22. Livet i Pilavika 12:00 23.Haglekurs/trening 18:00 25. Trening 18:00 26. GPS-kurs 18:00 27. Barnehagen-Vålamyra 29. Vårsprellen 12:00 30. Trening 18:00 ? El-halsband 17:00	1. Trening 18:00 5. Indre Sogn Cup 6. Trening 18:00 8 . Trening 18:00 9. Overnatt/barnehage 12. FM-jegertrap 15. Barnehagen-Flotande 15. Trening 18:00 20. Trening 18:00 22. Trening 18:00 27. Trening 18:00 29. Trening 18:00

## Aktivitetar 2. halvår 2011, Leikanger Jakt- og Fiskelag

<b>Juli 2011</b>	<b>August 2011</b>	<b>September 2011</b>	<b>Oktober 2011</b>	<b>November 2011</b>	<b>Desember 2011</b>
4. Trening 18:00 6. Trening 18:00 17. Fiske sommer 12:00 30. Fiskekonk-Fjærlandsete	1. Jegertrening 18:00 8. Jegertrening 18:00 15. Jegertrening 18:00 16. Duell - 200M 17:00 17. Duell – leirdue 17:00 22. Jegertrening 18:00 24. Lagsmeisterskap 17:00 29. Jegertrening 18:00	2. Skulestang-Flotande 5. Jegertrening 18:00 7. Jegertrening 18:00  ? Garnfiske-barnehagen ? Garnfiske-barnehagen  ? El-halsband 17:00  ? Parteringskurs	1. Stend-fruktbare dagar 31. Fellefangst-mårdag 18:00	7. Medlemskveld 18:00 28. Åtejakt på rev 18:00	12. Medlemskveld 18:00

# Leikanger Jakt- og Fiskelag

## Årsmøtereferat fredag 4.mars 2011 kl.19:00

Frammøtte: Svein Inge Lundheim, Ole Simen Nesdal, Kjetil Berg, Sverre Fjøsne, Steinar Næss, Leif Bjarne Sæle, Leif Frækaland, Torfinn Svedal, Inge Yttri, Kevin Viken, Kurt Langeteig, Jan Magne Vigdal, Nils Olav Langeteig, Emil Røysum Skartun og Reidun Solberg Seim frå fylkeslaget

### SAKLISTE:

#### 1. Godkjenning av møteinkalling.

Ingen merknad, samråystest godkjent.

#### 2. Val av møteleiar og skrivar.

Møteleiar: Svein Inge Lundheim Skrivar: Ole Simen Nesdal

#### 3. Val av to personar til å skriva under møteprotokollen.

Valgt: Sverre Fjøsne og Steinar Næss

#### 4. Årsmelding.

Ingen merknad, samråystest godkjent.

#### 5. Rekneskap.

Ingen merknad, samråystest godkjent.

#### 6. Val.Styret:

Leiar: Svein Inge Lundheim (attval)

Sekretær: Per Norstein (attval)

Varamedlem: Sverre Fjøsne (attval)

#### Jaktutval:

Medlem: Per Norstein (attval)

Medlem: Øyvind Njøs (attval)

#### Fiskeutval:

Leiar: Jan Magne Vigdal (attval)

Medlem: Kevin Viken (attval)

**Leirduebaneutval:**

*Medlem: Nils Olav Langeteig (attval)*

*Medlem: Emil Røysum Skartun (attval)*

**Ungdomsutval:**

*Leiar: Kjetil Berg (attval)*

*Medlem: Kristian Slinde (attval)*

**Hundeutval:**

*Leiar: Jon Husabø (ny)*

*Medlem: Bjørn Monsen (attval)*

*Medlem: Kurt Langeteig (ny 1 år)*

**Revisor:**

*Inge Yttri (attval)*

**Valkomite:**

*Kurt Langeteig (ny 3år)*

**7. Val av 3 utsendingar til årsmøte i NJFF-Sogn og Fj.**

*Marianne Vara, Sverre Fjøsne og Svein Inge Lundheim.*

**8. Medlemskontigenten 2012.**

*Forslag frå styret: Ingen auke i 2012 Samrøystest godkjent.*

**9. Info. om aktivitetar i 2011.**

*-Aktivitetskalender. Gjennomgang.*

**10. Innkomne saker.**

*Ingen saker er komne inn.*

*Fylkessekretær Reidun Solberg Seim informerte om nytt frå NJFF.*

*Årsmøte avslutta med viltgryte laga av Kjetil Berg.*

**Underskrift:**

  
Sverre Fjøsne

  
Steinar Næss

# ÅRSMØTE

Lagshytta på Kleppa

Fredag 4.mars 2011 kl.19:00

## SAKLISTE:

1. Godkjenning av møteinkalling.
2. Val av møteleiar og skrivar.
3. Val av to personar til å skriva under møteprotokollen.
4. Årsmelding.
5. Rekneskap.
6. Val.
7. Val av 3 utsendingar til årsmøte i NJFF-Sogn og Fj.
8. Medlemskontigenten 2012.
9. Info. om aktivitetar i 2011.  
*Aktivitetskalender for 2011.*
10. Innkomne saker.  
*Ingen saker er komne inn.*

Siste nytt frå Njff ved Reidun Solberg Seim,  
fylkessekretær i Njff-Sogn og Fjordane

Enkel servering og sosialt samvær!

Nye og gamle medlemmar velkomne!

Styret.